

Notat

Dato: 24.05.2016
Arkivsak: 2015/5638-7
Saksbehandlar: lisadla

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar til kontrollutvalet - Forvaltningsrevisjon av Drift og vedlikehald av fylkesveggar – ny statusmelding

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar i Hordaland. Denne forvaltningsrevisjonen vart oversendt til Hordaland fylkeskommune den 02.09.2015.

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sitt møte den 13.10.2015:

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Drift og vedlikehald av fylkesveggar", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

- 1. Etablere ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland.*
- 2. Utarbeide ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusere forfallet på vegnettet.*
- 3. Utarbeide rutinar for gjennomføring av risikovurderingar.*
- 4. Rapportere årleg om status på strategien til politisk nivå.*
- 5. Utarbeide ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland.*
- 6. Etablere rutinar for å følgje opp og rapportere effektar av dei samla tiltaka i strategien.*
- 7. Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løyvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.*
- 8. Lage ein handlingsplan innan 01.12.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Kontrollutvalet fekk hausten 2015 lagt fram melding om status for arbeidet med å følgje opp forvaltningsrevisjonen. Det vert med dette lagt fram ei ny statusmelding.

Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegane er planlagt lagt fram for fylkestinget i oktober. Dette rulleringsarbeidet heldt framdrifta slik som oppsett, og er no inne i ein kartleggingsfase på særleg aktuelle tema.

Framdriftsplan for arbeidet med drift og vedlikehaldsstrategien:

Framdriftsplan	2015		2016				2017			
	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4
Forprosjekt										
Oppstartsfase										
Analyse og kunnskapsinnhenting										
Utarbeide delstrategiar										
Politisk vedtak										
Gjennomføring av handlingsprogram/ Plan og byggeprogram (årleg)										
Rullering av handlingsprogram/Plan og byggeprogram (årleg)										
Rullering av strategiplanen ved behov										

For dei største og mest krevjande tema innanfor drift og vedlikehald av fylkesvegnettet vert det utarbeidd eigne delrapportar som del av strategiarbeidet. Status for desse er:

- Fylkesvegtunellane, jf ny Tunnellsikkerhetsforskriften (ferdig)
- Fylkeskommunale ferjekaiar (ferdig)
- Fylkesvegbruene (siste fase)
- Vegutstyr, vegdekke/dekkelegging/vegmerking, sideterreng (under arbeid)
- Organisering, drift og finansiering av veglysanlegg (under arbeid)

Andre, større tema som skal inngå i strategien er:

- Etterslep når det gjeld drift og vedlikehald
- Utvikling i rammetilskot og avvik i forhold til budsjett HFK
- Klimatilpassing av drift- og vedlikehald av vegnettet
- Drift av leskur/busskur for kollektivtrafikken
- Drift for sykkel i Bergensområdet og regionale senter
- Vinterdrift for kollektivtrasear
- Vegoppmerking og dekkelegging - kartlegging av etterslep
- Dekkeleggingsprogram - utarbeiding
- Koordinere med økonomiavdelinga
- Rutinar for risikovurdering
- Utarbeide ein kontraktstrategi for drift og vedlikehald
- Rutinar for å følgje opp og rapportere effektar av dei samla tiltaka i strategien
- Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løyvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane
- Utarbeider ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusera forfallet på vegnettet
- Kartleggingsarbeid, arbeid i andre fylke

Vidare er *Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland* no etablert som ei eiga statusrapportering som vert lagt fram for fylkestinget i juni kvart år. Årsmeldinga vart fyrste gong lagt fram i 2015.

Når det gjeld vedtaks punkt 3 og 7. så vert desse svart ut i prosessen med rullering av strategi for drift og vedlikehald.